

### Stasbåt:

Koparsaum og bronseskruar, jamnt god materiale. Høvla og pusshøvla eller sikla overflate eigne for olje og lakk.

### Bruksbåt:

Galvanisert jernsaum og reksaum, jamnt god materiale.  
Høvla bord med overflate eigne for tjøre og maling.

### Rigg og segl:

Oselvaren kan leverast med mast, spri, ror og segl

### Generelt

Vi anbefaler ikkje at oselvaren ligg på sjø/vatn meir enn to-tre veker i strekk.

Båten har godt av å tørke opp inni mellom. Når båten er på land bør han ikkje liggje i direkte sollys.

#### OSELVARVERKSTADEN

Hamnevegen 42, 5200 Os

Telefon: 56 57 52 55

[www.oselvarverkstaden.no](http://www.oselvarverkstaden.no)



## VILKÅR



- Båten vert levert ved Oselvarverkstaden og kjøpar er ansvarleg for vidare frakt.
- Handpengar / forskot tilfall Oselvarverkstaden ved kontraktsbrot frå kjøpar.
- Oselvarverkstaden har forsikring og salspant i båten til han er fullt ut betalt.
- Restbeløpet skal betalast før levering.
- Er ikkje båten betalt innan 2 månader etter avtalt leveringstid reknast det som kontraktsbrot frå kjøpar.
- Uforutsette hendingar / sjukdom kan gje forsenka levering på inntil 2 månader etter avtala leveringstid.
- Alle båtane blir levert med handlaga ausefat og boka «Oselvar, den levande båten»

## NY OSELVAR

### Vilkår og overflatebehandling



- Vilkår
- Bruksbåt / Stasbåt
- Overflatebehandling

For årleg vedlikehald sjå:  
[www.oselvarverkstaden.no](http://www.oselvarverkstaden.no)

© Oselvarverkstaden 2021



# OVERFLATEBEHANDLING BÅT LEVERT FRÅ OSELVARVERKSTADEN

## TJØREBEHANDLA BÅT: KR 30 000,-

Under vasslina vert båten smurt vått i vått med Clipper 1 frå Jotun i to dagar. Deretter vert det prima og lagt på to strøk med botnstoff. Resten av båten og tilfaret vert smurt med tjøre og linoljeblanding, i inntil to veker. Det varierar kva mengde tjøreolje som trekk inn i treverket. Båtkjøpar må rekne med jamnt vedlikehald av båten og smørje tørre område der tjøreolja er vaska vekk. Etter kvart vil treet bli metta og tjøra legge seg utan på treverket. Då vil det ikkje være behov for å tilføre tjøreolje like ofte. Våre båtar leverast med grunnbehandling, det kan bli nødvendig med meir tjøre før båten tas i bruk.

**Fordel:** Tjøre er bra mot råte og lett å påføre. Det er ikkje behov for å skrape eller pusse ein tjørebredd båt.

**Ulempe:** Tørketida er væravhengig og difor vanskeleg å berekne. Båten treng eit eller to strøk per sesong, dette avheng av kor mykje han ligg ute.



## OLJA OG LAKKA BÅT: KR 30 000,-

Oselvarverkstaden nyttar Clipper 1 og 2 frå Jotun. Heile båten med tilfar vert olja vått i vått i to dagar med Clipper 1. Etter noko tørketid vert botn utvendig prima og smurt med to strøk botnstoff og resten av båt og tilfar vert lakka fire strøk med Clipper 2. Båtkjøpar må rekne med jevnt vedlikehald av båten å legge på eit strøk Clipper 1 og nokre strøk Clipper 2 der toppstrøket er slitt vekk. Kor ofte og mykje dette vert behov for vil variere av bruk og lagring.

**Fordel:** Det er lett å beregne kor lang tid behandlinga tar.

**Ulempe:** Det kan oppstå misfarging i veden hvis båten ligg mykje på sjøen, særleg der toppstrøket er slitt vekk. Med ujamne mellomrom må båten skrapast ned og oljast og lakkast. Behovet for dette vil variere mykje i forhold til bruk og lagring.



## TILLEGG FOR MALT BÅT: KR 6 000,-

Ein måla båt blir først tjørebredd eller olja og lakka. Etter det kan den bli måla innvendig, anten heile båten med tilfar, eller berre tilfaret eller tilfar og ripe/elsing/ botn. Det vert nytta linoljemåling, etter tradisjonen helst lyse fargar slik som kvit, eggskal, lys grøn, lys grå eller lys blå.

**Fordel:** Mindre glatt enn olje og lakk. Hjelper mot oppsprekking i sola då lys farge held treverket kjøligere og demper rask opptørking. Linoljemåling er ikkje tett slik som moderne måling, den slepp ut fukt.

**Ulempe:** Det er relativt lang tørketid for linoljemåling.

